

Årsmelding 2019

Tillitsverv i perioden

Styret

Leiar Inge Bakke
Nestleiar og hamnesjef Terje Edvardsen
Kasserar Ole Bosnes
Styremedlem Arne Hjertenes
Husvert Dagfinn Grøttå
Varamedlem Jan Petter Venøy

Revisorar

Ove Hoddevik
Erik Midtgaard

Valnemnd

Atle Nøstdal
Geir-Ove Liseth

Arbeidet i styret

Styret har hatt 5 møter i valperioden.

Leiar har hatt overordna ansvar og ansvar for heimesida holmavika.org.
Nestleiar har hatt ansvar for alt teknisk arbeid i hamna, slippet og klubbhuset.
Kasserar har ført rekneskapen ved hjelp av det nettprogrammet Fiken og hatt ansvar for utleige av plassar.
Husvert har hatt ansvar for drift og utleige av klubbhuset. Husvert, styremedlem Dagfinn Grøttå, måtte trekke seg frå styret i august på grunn av helseproblem. Varamedlem Jan Petter Venøy tok over denne oppgåva for resten av perioden.

Medlemmane

Laget har 87 medlemmar. 81 medlemmar har betalt årleg medlemskontingent med totalt 162.000 kroner. Dei fem valde styremedlemmane har i samsvar med vedtektene vore fritekne frå å betale medlemskontingent. Eit medlem fekk eit (ikkje to?) års medlemskontingent som godtgjersle for diverse møblar, utstyr og bilete til klubbhuset.

Omsetjing av plassar

I 2019 vart det kjøpt to plassar og vidareseld ein heilplass og ein halvplass. Hamnelaget har no to halve plassar (B-B og C-B) for eventuelt vidaresal og/eller framleige. Nettokostnad 17.100 kroner.

Utleige av plassar

Ved årskiftet var 16 plassar utleigde. Dette gav brutto 42.862 kroner i inntekt. Derav gjekk 38.715 kroner til utleigarane. Hamnelaget sit att med ca. 4.150 kroner.

Økonomi

Denne vert lagt fram separat. Hovudkonklusjonen er at likviditeten i delar av året er svak, og laget må ty til kassakreditten for å greie deler av dei faste utgiftene, spesielt gjeld og renter. Elles går drifta med eit lite overskot.

Hamna

Dugnader

Det vart kalla inn til dugnad fire dagar i løpet av 2019: Torsdag 2. mai, laurdag 4. mai, torsdag 22. august og laurdag 24. august. Frammøte til dugnaden vart markert på medlemslista på heimesida. Medlem som ikkje møtte minst ein av desse dagane, og som ikkje på førehand hadde kjøpt seg fri frå dugnad, vart kravd for frikjøpsprisen, 1000 kr.

53 medlemmar møtte til dugnad, 31 medlemmar kjøpte seg fri, 2 medlemmar vart fritaken på bakgrunn av tidlegare avtale knytt til bidrag til klubbhuset, medan 1 fekk tilsendt krav.

Tiltak

- Feid parkeringsplassen, rydda langs gjerdet, moloen og ved slippen.
- Rydda kratt over og ved steinmuren mot skogen.
- Sjekket/ordnet fortøyning.
- Reinska flotørane på utriggarane.
- Sjekka/reparert/skiftet spylerstussar og teita slangekoplingar.
- La kasseledning på septikktankhuset.
- Malt septikktankhuset.
- Kjøpt og satt opp nytt namneskilt og «sakte fart»-skilt ytterst på moloen.
- Rydda bodene.
- Klippet grasskråningen
- Erstattta fortøyning mellom brygge A og B på ein frivillig ekstradugnad i oktober.
- Det er kjøpt 5 nye nøkler til hamna.
- Det er laga nye kjølkvilarar til slippvogna

Tiltak som venter

- Nye hjul på slippvogna.
- Pusse, evt. male slippvogna.

Bruk av straum

Straumkostnadene er samla på vel 38.000 kroner. Inntekter frå dei som bruker straum i båtane er på 9.500 kroner. Det er kjøpt inn minusmålarar som båteigarar kan nytte eller kjøpe for betre å få oversikt over kor mykje som vert brukt av straum. Det er for tida ikkje økonomi for montering av eigne straummålarar på bryggene.

Klubbhus

Bruk

Alle medlemmene har tilgang til inngangsrom og vask/toalett med hamnenøkkelen. Nøkkel til samlingsrommet ligg i ein kodeboks som berre styret har tilgang til.

Styret har halde ope hus med kaffi og vaflar kvar laurdag mellom kl. 11 og 13 så langt det har vore mogeleg. Desse, og andre tider då samlingsrommet har vore opent har vore markert med at flagget har vore henge opp utanfor.

signalisert med at flagget heng ute.

Det vart holdt sju temakvelder i mars-april med emne frå båtførarprøva.

I november starta vi eit åttekveldars båtførarkurs med 14 deltakarar. Båtførarprøva vil bli avlagd i Sikkerheitssenteret i Måløy i februar 2020.

Styret har hatt alle sine møte i klubbhuset.

Klubbhuset har også hatt matsservering i etterkant av dugnadene.

Utleige

«Konjakklubben» har hatt alle sine møter i klubbhuset og har lagra utstyr sitt der.

Klubbhuset har vore utleigd til to møte i Stad Ap. Det vart ikkje noko utleige til Seljecuppen i år.

Forsikring

Dialog med forsikringsselskapet om forsikringsvilkåra og redusert pris ga magert resultat. Samla forsikringspremie for 2020 (betalt på forskott) er på 13.648 kroner, noko som er ein reduksjon på 973 kroner i høve 2018.